

Lindås Pensjonistlag
Lindås Bygdelag

Til ordfører i Lindås kommune

POST PÅ LINDÅS.

Innleiing:

Styret i Lindås Pensjonistlag i møte 03.04.16, og styret i Lindås Bygdelag i møte 06.04.16, har kvar for seg handsama saka om post på Lindås. På styremøta har ein samrøystes vedtatt å senda følgjande skriv til Lindås kommune v/ordføraren.:

Gjennom lokalavisene er vi blitt kjende med at Post i Butikk på Lindås skal flyttast over til butikken ved Mongstad-krossen. Vi er overraska over dette, og folket på Lindås reagerer sterkt!

Lindås som poststad har svært lange tradisjonar, og her har vore postopneri sidan midten av 1800-talet, såleis truleg det første i Nordhordland. I dei siste åra har posttenesta vore lagt til Post i Butikk, noko folk har vore nøgd med.

Når no Post i Butikk blir flytta til Mongstad, 12 km nord for Lindås tettstad, og i Austrheim kommune, blir post-tenestetilbodet svært mykje dårlegare, og mange får problem. Dette gjeld ikkje berre private, men i høg grad også offentlege institusjonar, (helseinstitusjonar som regionalt legekontor, regional tannklinikk, fysioterapeut, kyrkjekontor, fleire skular og barnehagar .m.fl.) som no får ein mykje vanskelegare kvardag.

Lindås tettstad er regionsenteret for nordre del av Lindås kommune, og etter som vi forstår, er det lagt opp til at dette skal halda fram også i ein evt. storkommune. Det er då heilt sjølvstøtt at ulike tenestefunksjonar ikkje vert flytta ut av senteret.

I Stortingsmelding nr. 18 (2011-2012) som gjeld verksemda til Posten Norge AS, vert det i konsesjonskravet lagt vekt på at ekspedisjonsstadene skal ha ei sentral lokalisering (understreka av oss).

Det heiter også at

"Departementet forventer vidare at Posten involverer berørte kommuner ved endring av PiB eller postkontor."

Våre spørsmål er:

1. Har Lindås kommune vore involverte i denne saka, og på kva måte?
2. Kva kan kommunen gjera for at post-tenestetilbodet kan halda fram på Lindås?

Lindås, den 7.april 2016

Zar Berntsen, leiar
For Lindås Pensjonistlag

Arvid H. Espe, leiar
For Lindås Bygdelag